



Risiko- og sårbarheit (ROS-analyse)

Basecamp Hotel Hellesylt
Detalregulering 2021
jf. Plan og bygningslova §4-3



Dokumentstatus:

| Rev.nr. | Rev. dato | Revisjonstekst | Utarb. av Sign. | Kontrollert av Sign. | Godkjent av Sign. |
|---------|------------|----------------------------------|------------------|----------------------|-------------------|
| V21.1 | 11.10.2021 | Utlegging til offentlig ettersyn | Oddbjørn Gjøsund | Magnor Ramstad | |
| V21.2 | 21.02.2022 | Etter mottatt trafikkvurdering | Oddbjørn Gjøsund | Magnor Ramstad | |
| | | | | | |
| | | | | | |

| | |
|--------------------------|---|
| Plannamn | Detaljreguleringsplan for Basecamp Hotel Hellesylt |
| Plan-ID | 2021004 |
| Saksnummer (ART/kommune) | 5450/ |
| Utarbeidd av | ART arkitekter og ingeniører AS v/ Oddbjørn Gjøsund |
| Kontrollert av | Magnor Ramstad |
| Dateret/revidert | 21.02.2022 |

Innhold

| | | |
|----------------|---|-----------|
| 1 | BAKGRUNN / INNLEIING..... | 4 |
| 2 | ARBEIDSMETODE..... | 5 |
| 2.1 | DEFINISJONAR..... | 6 |
| 2.2 | KONSEKVENSKLASSIFISERING..... | 6 |
| 2.3 | SANNSYNLEGHEITSKATEGORIAR | 6 |
| 3 | ANALYSE..... | 6 |
| 4 | IDENTIFIKASJON AV FARE OG UØNSKA HENDINGAR | 10 |
| 5 | OPPSUMMERING, KONKLUSJON | 14 |

1 BAKGRUNN / INNLÉIING


På oppdrag frå grunneigar Basecamp Hotel Hellesylt AS skal det utarbeidast eit forslag til detaljregulering for området rundt gamle GrandHotel og meieriet, i sentrum av Hellesylt, Stranda kommune.

Plan- og bygningslova § 3-1 h) seier at all planlegging etter lova skal fremje samfunnstryggleik ved å førebyggje risiko for tap av liv, skade på helse, miljø og viktig infrastruktur, materielle verdiar m.m. Risiko blir definert som

I samsvar med plan- og bygningslova § 4-3, Samfunnssikkerhet og risiko- og sårbarhetsanalyse:
"Ved utarbeidelse av planer for utbygging skal planmyndigheten påse at risiko- og sårbarhetsanalyse gjennomføres for planområdet, eller selv foreta slik analyse. Analysen skal vise alle risiko- og sårbarhetsforhold som har betydning for om arealet er egnert til utbyggingsformål, og eventuelle endringer i slike forhold som følge av planlagt utbygging."

Denne ROS-analysa skal vere eit supplement til overordna ROS-dokument på nasjonalt-/ fylkeskommunalt-/ og kommunalt nivå.

Planområdet.



Hellesylt ved Sunnylvsfjorden, Stranda.



Planområdet i Hellesylt sentrum, nord for utløpet til Langedalselva.

2 ARBEIDSMETODE

Analysen er basert på metodeomtale frå DSB-tema ”[Samfunnssikkerhet i arealplanlegging](#)”. Moglege uønskte hendingar er ut frå ei generell og teoretisk vurdering sortert i hendingar som kan påverke funksjon, utforming mm i planområdet, og hendingar som direkte kan påverke omgjevnadane (konsekvensar for - og konsekvensar av planen). Tilhøve som er med i sjekklista, men ikkje er til stade i planområdet eller i planen, er kvittert ut i kolonne ”Aktuelt?” i tabellen under kapittel 4 og er berre unntaksvis kommentert.

Sannsynlegheitsvurdering

| Omgrep | Frekvens |
|----------------------|---|
| Lite sannsynleg, 1 | Mindre enn ein gang i løpet av 50 år |
| Mindre sannsynleg, 2 | Mellom ein gang i løpet av 10 år og ein gang i løpet av 50 år |
| Sannsynleg, 3 | Mellom ein gang i løpet av eitt år og ein gang i løpet av 10 år |
| Veldig sannsynleg, 4 | Meir enn ein gang i løpet av eitt år |

Konsekvensvurdering

| Omgrep | Liv/Helse | Miljø |
|-----------------|--------------------------|--|
| Ufarleg, 1 | Ingen personskadar | Ingen skader |
| Ei viss fare, 2 | Få og små personskadar | Mindre skader, lokale skader |
| Kritisk, 3 | Alvorlege personskadar | Omfattande skader, regionale konsekvensar med restitusjonstid < 1 år |
| Farleg, 4 | Alvorlege skader/ein død | Alvorlege skader, regionale konsekvensar med restitusjonstid > 1 år |
| Katastrofalt, 5 | Ein eller fleire døde | Svært alvorlege og langvarige skader, uoppretteleg miljøskade |

Risikomatrise

| | | | | | |
|-------------------------|------------|-----------------|------------|-----------|-----------------|
| Veldig sannsynleg, 4 | 4 | 8 | 12 | 16 | 20 |
| Sannsynleg, 3 | 3 | 6 | 9 | 12 | 15 |
| Mindre sannsynleg, 2 | 2 | 4 | 6 | 8 | 10 |
| Lite sannsynleg, 1 | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 |
| Sannsynlegheit | | | | | |
| Konsekvensar | Ufarleg, 1 | Ei viss fare, 2 | Kritisk, 3 | Farleg, 4 | Katastrofalt, 5 |

- Raudt felt indikerer uakseptabel risiko. Tiltak må setjast i verk for å redusere risiko ned til gul eller grøn.
- Gult felt indikerer risiko som bør vurderast med omsyn til tiltak som reduserer risiko, tiltak vurderast ut i frå kost/nytte.
- Grønt felt indikerer akseptabel risiko. Rimelege tiltak skal vurderast.

Tiltak som reduserer sannsyn skal først vurderast. Om dette ikkje gjev effekt eller er mogleg, skal tiltak som reduserer konsekvensane vurderast.

2.1 Definisjonar

Akseptkriterier gir uttrykk for det risikonivået ein meiner er akseptabelt. Akseptkriteriene utgjer ein referanse ved vurdering av val av løysing og behov for risikoreduserande tiltak.

Ein etablerer akseptkriterier for å ha eit referansenivå ved gjennomføring av risikoanalysen.

Risikoanalysen skal avdekke eventuelle risikomoment og kva risikoreduserande tiltak ein kan sette inn mot desse. Akseptkriteriene brukast som mål for å finne ut om risikoen for desse hendingane er akseptable og kva tiltak som kan redusere risikoen.

For denne ROS-analysen er følgjande rammer gitt:

- Risikoanalysen skal avdekke ikkje ønska hendingar som kan vere knytt til rekkefølgja i utbygginga av området.
- Risikoanalysen skal beskrive konsekvensar for planområdet og til-liggande naboareal som fører til omsynssoner i planen.
- Vert det avdekt tilhøve som kan vere av ein slik art at det ikkje fører til eiga omsynssone, men at det må takast omsyn til ved utbygging av området, vert dette nedfelt i føreseggnene.

Analyse - nivå

Analysen er haldt på eit overordna nivå, der mindre hendingar som ikkje kan løysast på plannivå er haldt utanom. Eksempel på dette er tiltak i eit bygg som vert regulert gjennom gjeldande TEK. Det er ein føresetnad at bygg, installasjon og anlegg innanfor planområdet vert oppført i høve til ei kvar tid gjeldande teknisk forskrift.

2.2 Konsekvensklassifisering

Ved analysen er konsekvensar for menneske, miljø og samfunn vurdert med utgangspunkt i følgjande konsekvensklassifisering:

2.3 Sannsynlegheitskategoriar

Hovudmålet med analysen er å finne risiko og sårbarheitstilhøve som må innarbeidast i planen. Som krav til omsynssoner og/ eller til dømes rekkefølgjekrav.

3 ANALYSE

3.1 Metode

Analysen tek utgangspunkt i aktuelle tema frå sjekklister, ulike registreringar, rapportar og vurdering av området.

3.2 Vurdering av tema

Uønskte hendingar i ROS-analysen er vurdert i høve ulike sjekklister og rettleiarar. Der det ikkje er registrert uønskte hendingar er det ikkje gått vidare med vidare vurderingar. Uønskte hendingar for området er teke vidare i analysen, desse kan oppsummerast til følgjande tema:

3.3 Naturfare

Oversikt over naturfare syner at planområdet ligg innanfor aktsemråde for flaum og faresone for oppskyljing ved fjellskred (Åkerneset). Området har også flaumfare og stormflo frå havnivåstiging innanfor plangrensene. Området er ikkje direkte råka av skredfare. Kjelde NVE Atlas.




Stormflo 200 + 1000 intervall



Flaumfare



Oppskyljing frå Åkerneset



Skredhendingar i Hellesylt



Skredfare i bratt terreng

Klimaendringar

Klimaprofilen gjev eit kortfatta samandrag av klimaet, venta klimaendringar og klimautfordringar, den skal vere eit kunnskapsgrunnlag og hjelpemiddel for overordna planlegging. Klimaprofilen kan nyttast som kunnskapsgrunnlag for klimatilpassing. Samandrag av venta endringar i [Møre og Romsdal](#) frå perioden 1971 – 2000 til 2071 – 2100 for klima, hydrologiske tilhøve og naturfarar som kan ha verknad for samfunnstryggleiken er synt under. På grunn av endringar av klima må det gjerast avbøtande tiltak, episodar med kraftig nedbør er venta å auke både i intensitet og førekomst. Dette vil stille større krav til handtering av overvatn ; tette flater vil gje auka avrenning, som kan gje auka fare for flaum i bekkar og vassdrag, med auka fare for erosjon også. Det er viktig å ta omsyn til overvatn tidleg i arealplanlegginga, for å sikre nok plass til vatn, legge til rette for flaumvegar og sikring av elver/bekkar. Auka nedbør kan utløse meir av skredtypane jord-, flaum-, sørpe, og kvikkkleireskred. Avbøtande tiltak er å gjennomføre farekartleggingar, sikre tilstrekkeleg areal som buffer mot fareområde og sett av areal til sikringstiltak.

| SANNSYNLEG AUKE | |
|---|--|
|  | Kraftig nedbør Det er venta vesentleg auke i episodar med kraftig nedbør både i intensitet og førekomst. Dette vil også føre til meir overvatn |
|  | Regnflaum Det er venta fleire og større regnflaumar |
|  | Jord-, flaum- og sørpeskred Auka fare som følgje av auka nedbørmengder |
|  | Stormflo Som følgje av havnivåstigning er det venta auke i stormflonivåa. |
| MOLEG SANNSYNLEG AUKE | |
|  | Terke Trass i meir nedbør, kan høgare temperaturar og auka fordamping auke faren for tørke om sommaren |
|  | Isgang Kortare sesong for islegging og tidlegare isingang. Isgangar vil kunne skje lengre opp i vassdraga enn i dag |
|  | Sneskred Med eit varmare og våtere klima vil snøgrensa bli høgare, og regn vil ofte falle på snødekt underlag. Dette kan redusere faren for tørrsnøskred, og auke faren for våtsnøskred i skredutsatte område |
| SANNSYNLEG UENDRA ELLER MINDRE | |
|  | Snøsmelteflaum Snøsmelteflaumane vil kome stadig tidlegare på året og bli mindre mot slutten av hundreåret |
| USIKKER | |
|  | Sterk vind Truleg lita endring |
|  | Steinsprang og steinskred Hyppigare episodar med kraftig nedbør vil kunne auke frekvensen av desse skredtypane, men hovudsakleg av mindre steinspranghendingar |
|  | Fjellskred Det er ikkje venta at klimaendringane vil auke faren for fjellskred vesentleg |
|  | Kvikkleireskred Auka erosjon som følgje av hyppigare og større flaumar kan utløse fleire kvikkkleireskred |

Samandrag av klimaprofil for Møre og Romsdal. Kjelde Norsk klimaservicesenter.

3.4 Verksemndsrelatert

Hendingar som kan utgjere fare for området, transport av gods langs veg, sjø, ulykker.

Det blir frakta lite farleg gods i denne delen av Fv60 med ferje til eller frå Geiranger. Ferja er først og fremst ei turistferje. Dermed liten konsekvens for planområdet.

Frå Statens vegvesen si kartløysing er det ikkje registrert trafikkulykker på denne avgrensida delen av Fv60.

For denne delen av Fv60 er det ÅDT på 300 køyretøy, med store sesongforskjeller. SDT 560 (juni, juli og august), 280 resten av året.

Søraust for området er det djupvasskai, for større turistskip. Desse kan ha store mengder drivstoff om bord. Det er konkrete planar om forbod mot bruk av fossilt drivstoff for skip i området.

3.5 Beredskap

Området omfattar aktsemrdsområdet for følgene av eit skred frå Åkneset, og er underlagt beredskaps- og varslingsregimet i høve denne naturfaren.


Planområdet ligg få minutt frå Hellesylt brannstasjon og vil vere innanfor brannvesenet si responstid på 30 minutt.

3.6 Sårbare objekt

Det er ikkje registrert sårbare objekt innanfor planområdet. Omsorgssenteret rett nord for planområdet er eit sårbart objekt. Tilkomst til dette skjer gjennom planområdet.

3.7 Radon

Det er moderat til låg førekomst av radon i området.



Radonkart

4 IDENTIFIKASJON AV FARE OG UØNSKA HENDINGAR

| Hending / Situasjon | Aktuelt | Sannsynleg | Konsekvens | Risiko | Kommentarar / Tiltak |
|--|----------|------------|------------|--------|--|
| Naturrelatert risiko | | | | | |
| Er planområdet utsett for risiko som: | Ja / Nei | 1 - 4 | 1 - 5 | Farge | |
| 1. Fjellskred | Ja | 1 | 5 | | Området ligg innanfor oppskyljingsområde for tsunami etter skred ved Åkneset. Det er sannsynleg at det vil skje innanfor ei tidsramme på 1000 år, men i eit 50års perspektiv vert verdien sett til 1. Hending vil føre til katastrofale følgjer for materielle verdiar. Det er iverksett overvaking og varslingstiltak i hht §7-4 b i TEK17. Det er ikkje direkte skredfare i planområdet. |
| 2. Flaum: elv, sidevassdrag | Ja | 2 | 2 | | Det er gjennomført flaumvurdering i høve områdeplanen, og ved grunnundersøking i høve detaljplanen. Med avbøtande tiltak vil det vere tilfredsstillande risiko i området. |
| 3. Stormflo | Ja | 2 | 2 | | Det er sett krav om avbøtande tiltak, tiltak innanfor tryggingsklasse F2 må byggjast over kote 2,7 m, eller tole å bli oversvømd. Med avbøtande tiltak vil det vere tilfredsstillande risiko i området. |
| 4. Havnivåstigning | Ja | 2 | 2 | | Som punkt 3. |
| 5. Overvatn / vassinntrenging | Ja | 1 | 1 | | Kort veg til sjø, sikre flaumvegar. |
| 6. Grunnforhold | Ja | 1 | 1 | | Det er gjennomført grunnundersøking av området, ikkje funn av kvikkleire. |
| 7. Radon | Nei | | | | Må stette krav i TEK§ 13-5. |
| 8. Kvikkleireskred | Nei | | | | |
| 9. Jord- og flaumskred | Nei | | | | |
| 10. Snøskred | Nei | | | | |
| 11. Steinsprang | Nei | | | | |
| 12. Skogbrann | Nei | | | | |
| 13. Grasbrann | Nei | | | | |
| 14. Endra lokalklima | Nei | | | | |
| 15. Påverkast planområdet av naturlege terrenghformasjonar som utgjer spesiell fare. | Nei | | | | |
| 16. Spesielt vindutsett | Nei | | | | |
| 17. Spesielt nedbørutsett | Nei | | | | |
| 18. Er området utsett for klimaendringar, eventuelle konsekvensar | | | | | Generelt globalt fenomen, som er vurdert i punkt 2 til 5. |

| Hending / Situasjon | Aktuelt | Sannsyn | Konsekvens | Risiko | Kommentarar / Tiltak |
|--|----------|---------|------------|--------|---|
| Verksemdsrelatert risiko | | | | | |
| Er planområdet i fare pga. risiko som: | | | | | |
| 19. Industrianlegg (brann/eksplosjon, kjemikalieutslepp / forureining) | Ja / Nei | 1 - 4 | 1 - 5 | Farge | |
| 20. Lagringsplassar for farlege stoff (industri, bensinstasjon) | Nei | | | | |
| 21. Vegtrafikk/transportnett - støy | Nei | | | | |
| 22. Påkøyrsel av mjuke trafikantar | Ja | 1 | 2/3 | | På og avkøyring frå ferje i eit avgrensa tidsrom. Bilane har låg fart. Avbøtande tiltak er markering av fotgjengarovergangar og etablering av grøntsone mellom køyrveg og fortau. Mogleg auka manuell dirigering eller trafikklys. Redusert fartsgrense. Ferjeleiet er planlagt flytta ut av området. |
| 23. Møteulykker | Nei | | | | |
| 24. Utforkøyring | Nei | | | | |
| 25. Anleggstrafikk | Ja | 1 | 1 | | I byggeperioden og ved flytting av ferjeleie. Entreprenørar må utferdige eigne ROS-rutiner for arbeidet. Dette er særsviktig for drift og tryggleik for omsorgssenteret. Sjå elles punkt 22. |
| 26. Trafostasjonar | Ja | 1 | 1 | | Rett nord for planområdet |
| 27. Elektromagnetisk felt frå kraftleidningar | Nei | | | | |
| 28. Elektrisitet / leidningsbrot elektrisitetsforsyningso mråde | Nei | | | | |
| 29. Nærleik til jernbane | Nei | | | | |
| 30. Risiko for vassleidningsbrot | Nei | | | | |
| 31. Dambrot | Nei | | | | |
| 32. Avrenning frå fyllplass / tidlegare avfallsdeponi. | Nei | | | | |
| 33. Utslepp til sjø og vassdrag | Nei | | | | |
| 34. Utslepp til grunn | Nei | | | | |
| 35. Transport av farleg gods (spesielle traséar) | Nei | | | | |
| 36. Anna (fyll ut) | Nei | | | | |

| Hending / Situasjon | Aktuelt | Sannsyn | Konsekvens | Risiko | Kommentarar / Tiltak |
|---|----------|---------|------------|--------|---|
| Beredskapsrelatert risiko | | | | | |
| Er området utsett for risiko knytt til beredskap og infrastruktur: | Ja / Nei | 1 - 4 | 1 - 5 | Farge | |
| 37. Utrykkingstid for brannvesen | Nei | | | | |
| 38. Sløkkjevasskapasitet /vasstrykk | Nei | | | | |
| 39. Manglande avløpskapasitet /sårbart vassdrag | Nei | | | | |
| 40. Manglande alternativ vegsambinding | Nei | | | | |
| Infrastruktur | | | | | |
| Er området utsett for, eller kan planen/tiltaket medføre auka risiko for: | | | | | |
| 42. Manglande kapasitet i VA-system | Nei | | | | |
| 43. Trafikkulykker | Ja | 1 | 2/3 | | Kryssande trafikk av mjuke trafikkantlar mellom to hotellområde, der det no er gjennomkjøring til og frå ferje. Sjå punkt 22. |
| 44. Manglande kapasitet i kraftforsyning | Nei | | | | |
| 45. Kapasitet vegar | Nei | | | | |
| 46. Kapasitet gangvegar / fortau | Nei | | | | |
| 47. Manglande kapasitet i tele/data | Nei | | | | |
| 48. Anna (fyll ut) | | | | | |
| Støy og forureining | | | | | |
| Kan tiltaket medføre: | | | | | |
| 49. Luftboren støy | Ja | 2 | 1 | | Det kan bli støy i samband med utbygging av området. Det er sett krav om avbøtande tiltak. |
| 50. Vibrasjonar | Nei | | | | |
| 51. Forureining av luft | Nei | | | | |
| 52. Forureining av grunn | Nei | | | | |
| 53. Forureining av sjø og vassdrag | Nei | | | | |
| 54. Forureining av drikkevasskjelde | Nei | | | | |
| 55. Anna (fyll ut) | | | | | |

| Hending / Situasjon | Aktuelt | Sannsyn | Konsekvens | Risiko | Kommentarar / Tiltak |
|---|----------|---------|------------|--------|----------------------|
| Sårbare objekt | | | | | |
| Vil planforslaget påverke sårbare objekt i nærområdet som: | Ja / Nei | 1 - 4 | 1 - 5 | Farge | |
| 56. Barnehage | Nei | | | | |
| 57. Skule | Nei | | | | |
| 58. Helse- og omsorgsinstitusjonar | Nei | | | | |
| 59. Andre viktige offentlege bygg (brann- og politistasjon, rådhus, etc.) | Nei | | | | |
| 60. Barns leike- og oppholdsareal, fritidsaktivitetar | Nei | | | | |
| 61. Kulturminne /kulturmiljø | Nei | | | | |
| 62. Kulturlandskap | Nei | | | | |
| 63. Jordbruksareal | Nei | | | | |
| 64. Viktige naturområde: (biomangfold) | Nei | | | | |
| 65. Sårbar flora / raudliste artar | Nei | | | | |
| 66. Sårbar fauna / fisk / raudliste artar | Nei | | | | |
| 67. Viktige friluftsområde | Nei | | | | |
| 68. Viktige oppholdsområde og trekkvegar for vilt | Nei | | | | |
| 69. Drikkevasskjelde | Nei | | | | |
| 70. Verna vassdrag (innanfor 100 m sonen) | Nei | | | | |
| 71. Andre viktige vassdrag | Nei | | | | |
| 72. Anna | Nei | | | | |

5 OPPSUMMERING, KONKLUSJON

| | | | | | |
|-----------------------|------------|-----------------|------------|-----------|-----------------|
| Veldig sannsynleg, 4 | | | | | |
| Sannsynleg, 3 | | | | | |
| Mindre sannsynleg, 2 | 49 | 2,3,4 | | | |
| Lite sannsynleg, 1 | 5,6,25,26 | | 22,43 | | 1 |
| Sannsynlegheit | | | | | |
| Konsekvensar | Ufarleg, 1 | Ei viss fare, 2 | Kritisk, 3 | Farleg, 4 | Katastrofalt, 5 |

| | |
|---------------------------------|---|
| Uakseptabel risiko | Forhold der tiltak er særstiltak for gjennomføring av planen. Forhold / hendingar i den "raude" delen av risikobildet, er forhold vi på grunnlag av akseptkriteriene seier at vi ikke kan leve med. Dette er forhold som må følgjast opp i form av tiltak. Her kan ein gjere tiltak som retter seg mot årsakene til hendelsen / forholdet, og dermed reduserer at det er sannsynleg at hendelsen/ forholdet kan inntreffe. Det kan ikke gis bruksløyve før desse tiltaka er på plass. Raude felt med kryss, er ikke akseptable grunna for høg kostnad eller at det ikke lar seg teknisk gjennomføre innanfor foreslegne føremål i planen. |
| Akseptabel risiko | Forhold der tiltak må utførast Forhold / hendingar i den "gule" delen av risikobildet er forhold som ikke stettar sentrale og kommunale krav til planføremål utan tiltak. Mykje av det som må gjerast av tiltak i "gul" sone, vert løyst ved å gjennomføre krava til "raud" sone. Det kan normalt ikke gis bruksløyve før desse tiltaka er på plass. |
| Ikkje signifikant risiko | Forhold der enklare tiltak som skal løysast / er løyst. Forhold/ hendingar i "grønt" område i risikobildet, er forhold som er enkle, men naudsynte å følgje opp i planen. Mykje av det som skal løysast i desse tiltaka er på plass ved oppfylling av tiltak i raud og gul sone. |

Risikovurdering

Hendingar som er vurdert å være sannsynleg til veldig sannsynleg og/eller ei viss fare til katastrofale konsekvensar krev tiltak. Det er identifisert slike hendingar eller situasjonar i planområdet (oppskyljing etter ras, flaum, stormflo), og sett krav om avbøtande tiltak for å redusere risiko. Med avbøtande tiltak vil risiko vere tilfredsstillende for planområdet. Risikosituasjonen er summert opp og teke inn i planomtalen.